



Frå Lambasleppet 2018, Vivillain i aksjon.

Lambasleppet flottar seg med flunka nye krøller! Og stiller med meir kjøt på beinet enn nokon gong. Ungdommen skal opp og fram.

Sidan 2015 har frivillige krefter i Festidalen bygd opp og utvikla konseptet Lambasleppet. Dette har blitt ei viktig kultursatsing for lokal og regional ungdom med musikkardraumar. Unge sjeler med talent, guts og skaparevner vert via ei proff utescene med stort publikum. Premiar som stipend, studiotid og spelejobb på bransjefestival gir artistane ei unik mogelegheit for å korta vegen mot artistlivet. Og no einast dei vennskapelege kreftene bak OmStock og Festidalen for å gi konseptet ei enda breiare plattform.

For publikum og artistar betyr det at arrangementet legg seg til fredagen under OmStock. På ei ny scene på Husnes. Gratis, og ope for alle. Det femte Lambasleppet rullar fram under parolar om samhald og kjærleik. Og fredag 7.juni, frå kl 17 til 19, står det klart for folk og fe.

Gira på å stå på denne scena? Skal du bli ein slags kvinnhersh Eminem, Cardi B, Ozzy eller Robyn kanskje? Informasjon og søknad for deltaking blir frå mandag av skubba ut på SoMe-plattformane til OmStock, Festidalen og Lambasleppet.

Uttale frå Daidalos:

- Det å spela i band, bruka timar på timar i øvingslokale, utfordra seg sjølv og laga si eiga favorittmusikk er noko av det kjekkaste ein kan driva med. Men korleis kjem ein seg ut i den store musikkindustrien? Det er pokker ikkje lett! Me har klocketru på at Lambasleppet er ein innertiar for ungdom som ikkje berre har store draumar og blikket festa mot stjernene, men også er villige til å gjera den store jobben som faktisk krevs. Å bli musikar er forbeholdt dei med stor arbeidskapasitet.

- Det er ikkje mange stega opp på scena til Lambasleppet, men dei stega kan visa seg å bli svært løftande for karriæra.
- **Me som er arrangørar i kommunen må stå saman, støtta kvarandre, og utvikla kvarandre. Og ikkje minst stimulera ungdomen mot ei auka kulturinteresse. Det er mange flinke arrangørar her alt, og me treng i alle fall ikkje færre. Heller, gjennom samarbeid, bidra til at fleire finn sin «indre arrangør». At OmStock og Festidalen fortsett bygginga av Lambasleppet saman gir artistane eit større nedslagsfelt, og arrangørane ei fin sluse for kompetanseutveksling.**

Tekst: Pressemelding frå Festidalen v/Daidalos Dahle

Arkivfoto: Marius Mathisen

Nett: Hans Ordin Østebø